



Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!

Beitebruksplan – Prosjektområde Hedalsstølane



Innholdsliste

1.1. Innleiing.....	3
1.2. Omsynssone landbruk ved Hedalsstølane - Javnin	3
1.3. Beitefremjande tiltak	9
1.5. Stengsel på skibru over Oleåni sumarstid.....	10
1.6. Forbetring av grinder på sperregjerde Beitostølen	10
1.7 Vurdering av sperregjerdet ved Beitostølen	11

1.1. Innleiing

Kommunen har etter kommunestyrevedtak (36/22), teke inn Hedalsstølane som eit prosjektområde med ein eigen beitebruksplan gjeldande for 2025 – 2029. Tilsvarande periode som beitebruksplanen som er gjeldande for heile kommunen.


Hedalsstølane er eit av dei mest aktive stølsområda i kommunen, kor beitebrukarane har vore tydelege på at dei gjennom fleire 10-år har fått auka negative verknader av turismen og anna bruk av utmark. Det er difor sett i gang eit konfliktdempande tiltak mellom beitebruk og anna bruk av utmark, med eit fokus på å setja inn tiltak som sikrar beiteinteressene i Hedalsstølsområdet på kort og lang sikt. I dette arbeidet har kommunen samarbeida med beitebrukarane i området, kor det har vore eit fokus på beitefremjande tiltak og ein planavklaring i området som skal sikra beitebruken på lang sikt.

Revideringa av beitebruksplanen for prosjektområdet vert gjennomført i tråd med arbeidet med revidering av kommuneplanens arealdel (KPA).

For å tydeleggjere at prosjektområdet har ein handlingsplan skilt frå handlingsplanen gjeldande for heile kommunen, har administrasjonen laga ein eigen beitebruksplan for prosjektområdet. Beitebruksplanen og handlingsplanen gjeldande for prosjektområdet tek føre seg spesifikke tiltak som skal fungere som konfliktdempande tiltak for området, slik som ny ferist og grinder på skibruer. Beitebruksplanen gjeldande for heile kommunen gjeld framleis også for prosjektområdet, kor beitebrukarane som held til i prosjektområdet har moglegheit til å ta del i dei tiltaka i handlingsplanen gjeldande for heile kommunen.

1.2. Omsynssone landbruk ved Hedalsstølane - Javnin

Som eit mogleg konfliktdempande tiltak vert omsynssone for landbruk kring Hedalsstølane - Javnin sett på i forbindelse med revidering av KPA. Ved fyrstegongs høyring av kommuneplanens arealdel i 2024, låg følgjande omsynssone landbruk i området ved Hedalsstølan – Javnlie (vidareført frå kommunedelplan for Beitostølen):



Figur 1: Omsynssone landbruk slik den er i KPA per 2024.

I samråd med beitebrukarane kom det forslag om å setje meir spesifikke retningslinjer for omsynssona. I tillegg til dei generelle føresegner og retningslinjer for omsynssone landbruk, har administrasjonen sett følgande føresegner og retningslinjer som gjeld særskilt for denne omsynssona:


Innanfor omsynssone landbruk Hedalsstølane – Javnin skal det ikkje leggjast til rette for anna turisme enn gardsturisme. Allereie etablerte tiltak kan halde fram. Tilrettelegde vandrestiar i omsynssona, som treplankar/klopper, bør fjernast. Dette gjeld tilrettelegging som held fram på barmark, altså i beitesesongen.

Beitebrukarane foreslo òg å utvide den gjeldande omsynssona for landbruk. Administrasjonen har i si vurdering teke omsyn til både beiteinteressene og anna bruk av området, samt eksisterande reguleringar. Vurderinga bygger på dei fastsette kriterium for omsynssone landbruk, samt ei grundig gjennomgang av tilgjengeleg kunnskap om arealressursane knytt til beitebruk og innhenta GPS-informasjon frå beitedyra. Grunnen til at administrasjonen har valt å bruke slik GPS-informasjon er at det gir ein oversikt over kor dyra faktisk beiter, og kan gi ein indikasjon på kor beiteressursane finst. Liknande informasjon kunne blitt innhenta ved å sjå på dyretråkk og beitefaring etter beitesesongen ved synfaring. Det er brukt GPS-informasjon frå fleire ulike beitebrukarar.

Her er det viktig å påpeike at administrasjonen ikkje har teke omsyn til beiterett i arbeidet med utviding av omsynssone for landbruk kring Hedalsstølane/Javnin. Beiterett er eit privatrettsleg forhold heimla i jordlova og har ingen direkte kopling til kor det er plassert omsynssoner i kommunen. Hovudpoenget med ei omsynssone for landbruk er å sikre dei eksisterande beiteressursane og landbruksinteressene i området (sjå meir i beitebruksplanen gjeldande for heile kommunen).

Utviding av omsynssona kring Javnin

Dette gjeld området rundt Javnin, området mellom Hedalsstølane og ned mot Skutestølen, i tillegg til området i nærheita av Beitostølen Helseportsenter.




Figur 2: Arealressurskart over området kring Javnin.

Dette området består generelt av ein god del myr, i tillegg til noko open fastmark og skog. Hovudsakeleg er skogen i området definert som vernskog, som har spesielle omsyn når det gjeld hogst. Det er tendensar til attgroing i området, og mykje av tilveksten her kan vere aktuell for beitefremjande tiltak. Arealet nord for Javnin er klassifisert som naturtypen naturbeitemark av stor verdi. Enkelte område ved Javnestølane er fulldyrka jord.


Dei fleste av myrområda er for blaute til at beitedyr kan nytte dei. Myrområda er derfor ikkje hensiktsmessig å inkludere i omsynssona for landbruk. Myrområdet merkt med raudt og langsgående striper i figur 3 er ei slåtte- og beitemyr, og beiteressursane i slike myrer blir ofte nytta av storfe. Innhenta GPS-informasjon visar at denne myra blir brukt som beiteområde. Ovafor Helseportsenteret er det òg ei rikmyr.

Helsesportsenteret er eit utfartsområde for ferdsel, kor det er fleire tilrettelagte stiar og fleirbruksvegar. Eit friluftsområde regulert i reguleringsplan er òg å finne kring Helsesportsenteret, og set grensa på kor omsynssona for landbruk kan gå.



Figur 3: Naturtypekart.

Innhenta GPS-informasjon viser at kyrne beitar langs vegen ned til Skutestølen og heilt til bommen. Området mellom denne vegen og Javnin blir derimot lite beita på. I området ned mot Javneberget er det stort sett vernskog, men det finst òg fleire område med dyrkbar jord (merkt med raudstipla linje, figur 4). Desse områda kan ha potensial for gode beiteressursar, kor ein kan gjennomføre tiltak som plukkhogst og krattknusing som kan auke tilgangen på beite og beitekvaliteten.



Figur 4: Temakart landbruk.

I området mellom Skuteåsen og Javnberget ned mot Javnin er det såpass bratt at det ikkje verkar som eit tilgjengeleg område for alle beitedyr. Det er heller ingen GPS-informasjon som viser at dette området blir beita i. Administrasjonen foreslår derfor at dette området ikkje skal inngå i utvidinga av omsynssona.




Figur 5: Høgdekurver ved Javnin og Skuteåsen ned mot Javnberget.

I området langs Javnin og ned til Javnstølane nyttar kyrne vegen i stor grad, kor dei følgjer vegen ned til stølane før dei følgjer svingen opp mot Javnlie.

Utviding av omsynssona ved Olevatn og Synberget


Her gjeld utvidinga av omsynssona området opp til tregrensa ved Synberget. Området ved Olevatnet er dels eit typisk utfartsområde, kor foreslått utviding unngår allereie tilrettelagte markerte stiar. Slik kan den høge ferdselen i området halde fram utan å skape konflikhtar med dei retningslinjene og føresegnene sett for omsynssone landbruk.



Figur 6: Arealressurskart ovafor Hedalsstølane mot Olevatnet.

Andre arealformål i området er og inkludert i vurderinga, slik som allereie etablerte planar for fritidsbustader, friluftsområde eller andre arealformål.

Basert på desse vurderingane legg administrasjonen frem følgene utvidiing av omsynssone landbruk kring Hedalsstølane/Javnin:



Figur 7: Forslag til utvida omsynssone landbruk.

1.3. Beitefremjande tiltak


Administrasjonen opna for dialog om kva type beitefremmande tiltak som kunne vere tenlege å gjennomføre i område kring Hedalsstølane. Slike tiltak må gjennomførast i samråd med grunneigar, og kan vere tiltak som tynningshogst og/eller krattknusing. Målet med tiltaka er å auke beitekvaliteten ved å opne opp for beitedyra, samt hindre attgroing (kulturstell).

Gjennom høyringsinnspelene vert det uttrykk at dette ikkje er eit prioritert tiltak, og er derfor ikkje sett som eit eige tiltak i handlingsplanen til prosjektområdet.

Beitefremjande tiltak er derimot i handlingsplanen gjeldande for heile kommunen.

1.4. Ferist

Ferista ved sperregjerdet på Ukshøvdvegen er plassert på ein slik måte at den raskt vert fylt opp med grus, og må derfor vedlikehaldast ofte. Utgreiing av plassering av ny ferist vil gå parallelt med tiltak om å utgreie behovet for sperregjerder i tiltaksdelen i Beitebruksplanen 2025 – 2029. Avklaring rundt kven som har ansvar for vedlikehald av ferista inngår òg i utgreiinga. Det har kome inn høyringsinnspel på kor ferista kan plasserast, som vil bli med i arbeidet vidare. Figur 8 syner forslag til ny plassering av ferist, samt alternativ trasè for eksisterande sperregjerde. Ferista bør leggjast der det er flatare enn der den ligg i dag.



Figur 8: Ny trasè av sperregjerdet ved flytting av ferist.

1.5. Stengsel på skibru over Oleåni sumarstid

Skibruer i beiteområde er ei utfordring sumarstid. Eit gjentakande problem er beitedyr som brukar skibruer i området som ferdselsårer forbi inngjerdingar. Eit tiltak er derfor å etablere moglegheiter for stengsel på skibrua ved Oleåni, slik at beitedyr ikkje får kryssa den.

1.6. Forbetring av grinder på sperregjerde Beitostølen

Det er eit stadig problem at grindene på sperregjerdet blir ståande opne i beitesesongen, grunna at dei som går gjennom ikkje stenger dei. Derfor er det ynskjeleg

frå dei som har beitedyr i området at det grindene oppgraderast med ei låsemekanisme som gjer at dei går automatisk i lås (smekklås).

1.7 Vurdering av sperregjerdet ved Beitostølen

Sperregjerdet som går ved Beitostølen vart satt opp som eit prøveprosjekt. Det finst, per våren 2025, ingen avtale med grunneigarar. Det bør derfor lagast avtale med grunneigarar. Det må også avklarast kven som har ansvaret for gjerdet, og kven som skal stå for vedlikehald.